



Magne Huglen og Andrea Rice under låvedans-suksessen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag kveld kjem det irske sang-fyrverkeriet Andrea Rice til Dønhaugkjedlaren og Magne Huglen kan fortelja at dei 65 plassane er bortbestilt, Men han kjem til å ta inn mellom fem og 10 til då det alltid nokre avbestillingar.**

Det er bestillingar frå heile Kvinnherad og i tillegg kjem båtturistar som legg turen til Uskedalen på grunn av konserten.

- Dette er positivt og teiknar bra for låvedansen 18. august då Andrea kjem att – med dei same muskarane, seier Huglen.

Den siste av dei kjem direkte frå Irland til konserten torsdag kveld og Huglen hentar han i Haugesund tidlegare på dagen.